

Kommunevalprogram

2023 – 2027

Aurland Senterparti



Sjølvstende og demokrati

Aurland Senterparti er ein garantist for Aurland som eigen kommune for å sikre eit levande lokaldemokrati med god moglegheit for representasjon frå alle grender. Vedtak fatta på god lokalkunnskap, *nær folk*, er dei beste vedtaka.

Samstundes er det slik at alle kommunar i Norge, uavhengig av storleik skal løysa like mange oppgåver. Difor vert det heilt naudsynt å samarbeide på tvers av kommunegrensene for å sikra gode og forsvarlege tenester.

Aurland er ein liten distriktskommune som må alliere seg med andre liknande kommunar for å sikra politisk påverknad inn mot sentrale myndigheter. Til dømes ved å kjempa for konsesjonskraftinntektene våre, som er heilt naudsynte om Aurland skal oppretthalde eit høgt nivå på tenestene. Aurland må, saman med andre vertskommunar for vasskraft, aktivt halde liv i samfunnskontrakten som ligg til grunn for kravet vårt. Ein samfunnskontrakt som er under konstant angrep frå sentrale byråkratar og ekspertar.

Aurland Senterparti vil:

- Arbeide politisk for å sikre kommunen gode rammetilhøve for utvikling og velferd innafor ramma som eigen kommune
- Samarbeide på tvers av kommunegrensene for å sikre gode og framtidssikre tenester som eigen kommune i eit moderne kommune-Norge
- Vere ein aktiv deltakar i medlemsorganisasjonar som komunesektoren sin organisasjon (KS) og Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar (LVK), og delta i påverknadsarbeid mot sentrale myndigheter
- Halde fram ordninga med at konsesjonskraftinntektene våre gjev innbyggjarane føreseielege og rimelege kraftprisar
- Utøve ei forsvarleg forvalting av konsesjonskraftinntektene våre, som sikrar at framtidige generasjonar òg kan nyte godt av dei
- Vere ein aktiv part i pågåande og eventuelle framtidige verneprosessar, for å sikre lokal forankring og omsyn til lokale interesser
- Ta vare på og auka lokal tilknyting til verdsarven, og sørge for ei lokalt forankra forvalting med mål om å auke lokalt omdøme

Ein god kommune for unge og familiar

Det skal vere godt og trygt å vekse opp i alle grender i kommunen. Unge som ynskjer å etablere seg skal kjenne seg trygge på at det er tilgang på gode kommunale tenester og tilbod, uansett kvar dei ynskjer å busette seg. I tillegg syter det frivillige for mykje aktivitet og tilbod til born, unge og familiene deira. Det er viktig å støtte opp om dette, då det gir ein stor meirverdi og syter for aktivitet i heile kommunen.

Aurland Senterparti vil:

- Fortsette arbeidet med å betre tilhøva for leik og rekreasjon i heile kommunen
- Sikre ein trygg skuleveg for alle born og unge i kommunen
- Oppretthalde barnehage og grunnskuletilbod både i Flåm og Aurland så lenge det er forsvarleg i eit *borna sitt beste*-perspektiv
- Vera ein pådrivar for gode pendlarruter, slik at ein kan bu i Aurland og gå på skule eller arbeide i Sogn eller på Voss
- Ha ein gjennomgang av gebyr på barnehage/SFO med mål om å betra økonomien til småbornfamiliar

Ein god og trygg kommune heile livet

Eldreomsorga i Aurland kommune skal gje brukarane tryggleik og omsorg, uavhengig av livssituasjon og om ein har tilgang på ressurssterke pårørande. Folk må få bu i eigen bustad så lenge som mogleg dersom dei kan og vil det. Samstundes må me kunne tilby varierte bustadløysingar tilpassa kvar enkelt sitt behov.

Me ynskjer å sikre alle eldre meiningsfulle dagar og tilgang på daglege aktivitetar. Eldre er ein viktig ressurs for samfunnet, og mange har god helse og har ynskje om å vera aktive deltagarar i samfunnslivet. Difor må det leggjast til rette for at restarbeidsevna til den enkelte kan takast i bruk.

Aurland skal også vera ein trygg og god kommune for dei som har fysiske eller psykiske utfordringar, uansett når i livet dei måtte oppstå. Me skal sørge for at alle har eit liv prega av verdighet og omsorg. Ein skal kjenna seg trygg på at kommunen og det offentlege støttar deg om behovet melder seg, og pårørande skal kjenne at kommunen er der for dei også – når det trengst.

Aurland Senterparti vil:

- Sørgje for godt samarbeid og berekraftig ressursbruk mellom helsetunet og heimebaserte tenester
- Styrke den heimebaserte tenesta, med mål om å auke omsorgstilbodet som vert gjeve til dei som bur heime
- Sørgje for at bu- og miljøtenesta har ressursane til å gje unge menneske eit tilbod med verdighet og aktiv deltaking i avgjersler kring eigen kvardag
- Greie ut moglegheita for open telefon på legekontoret heile arbeidsdagen
- Om ynskjeleg støtte opp om ei utviding av tilbodet med «sterk og stødig» utover noverande tilbod i Flåm
- Opne opp for at alle eldre, utover dei med plass på helsetunet, kan kjøpe seg mat der og vera saman i sosialt lag
- Sørgje for at det finst eit analogt alternativ til digitale skjema og kontaktpunkt med kommunen, for å fange opp dei som ikkje er digitalt trygge
- Setje av ressursar til ein eldrekontakte, slik at dei som måtte ha behov for det trygt kan koma i kontakt med kommunen
- Greie ut moglegheita for ein eldresamtale med alle over 75 år som måtte ynskje det, for å kartleggje framtidige behov og gje råd for ein best mogleg alderdom
- Halde fram med avtalar om kommunale tenestepunkt, og sjå på moglegheita for å utvide ordninga

Eit kompetent helse- og beredskapsmiljø

Legeteneste, ambulanse, brann- og redningstenesta og politi er alle viktige faktorar som i sum representerer beredskapen i kommunen. Noko har kommunen ansvar for

åleine, noko i samarbeid med andre, og noko er oppgåver som me ikkje leverer sjølv, men kan påverke innhaldet i. I tillegg kjem det frivillige apparatet som er eit viktig bidrag i tillegg til dei offentlege tenestene. Me må sørge for god koordinasjon mellom alle desse og setje krav til lokalkunnskap og kort responstid.

Aurland Senterparti vil:

- Støtte opp om Røde Kors og Aurland sanitetslag, og vidareføre samarbeidsavtalane om beredskap
- Sikre eit godt og kompetent lokalt legekontor, og arbeide for mindre bruk av vikarar
- Arbeide for å auke ressursane til politiet, med mål om auka nærvær og fleire oppgåver lokalt
- Samarbeide tett med politiet om førebyggande arbeid
- Halde fram det gode arbeidet i Aurland brannvesen og sørge for gode arbeidskår og klar ansvarsfordeling med andre naudetatar
- Setje krav til Helse Førde om styrka responstider på ambulansane med mål om å kome under den nasjonale målsetjinga på 25 minuttar

Eit levande landbruk og eit framtidsretta næringsliv

I Aurland har me ein god sameksistens mellom landbruk, reiseliv og resten av næringslivet – med synergiar som har skapt høg vekst og auke i sysselsettinga dei siste 30 åra.

I næringspolitikken framover vil me støtta opp om dei etablerte næringane i kommunen og legge til rette for ny næring der ein prioriterer innafor lokal kapasitet og tolegrenser. Aurland kommune skal ta eit globalt og lokalt ansvar ved at Klima- og miljøomsyn skal vektleggast.

Aurland kommune skal framleis vera ein næringsvenleg kommune, der me prioriterer låge skattar og avgifter til næringslivet – og støttar opp om næringssatsingar med kompetanse, vegleiing og støtte, mellom anna gjennom næringsfondet.

Me ynskjer eit landbruk som kan stå på eigne bein, der bønder primært driv med mat-produksjon. Difor ynskjer me å arbeide for landbrukspolitiske verkemiddel som stimulerer til auka matproduksjon. Samstundes er det flott at nokre finn andre måtar å spe på inntekta.

Aurland Senterparti vil:

- Leggje til rette for eit framtidsretta og berekraftig næringsliv, som utviklar og spelar på lag med etablerte næringar
- legg til rette for samarbeid og fellesskap på tvers i næringslivet, mellom anna gjennom eit tett samarbeid med INKON (Aurland næringsråd)
- Sikre etablering av landstraum i Flåm, og vera pådrivar for elektrifisering av heile reisemålet
- Fylgje opp nyleg vedtekne klima- og miljøambisjonar i kommuneplanen mellom anna med mål om å kutte klimagassutsleppa med 55% innan 2030 og å vera eit lågutsleppsamfunn innan 2050
- Setje fokus på at me ynskjer utvikling av næringslivet i heile kommunen, og fylgje dette opp i kommunale planar og initiativ
- Arbeide for at det skal vere tilgjenge på kontorfellesskap for dei som ynskjer det

- Støtte opp om og nytte seg av kompetansen i Nærøyfjorden Verdsarvspark ilag med dei andre stiftarkommunane
- Utgrei mogleg etablering av gunstige investeringslån for landbruket
- Støtte opp om verdsarvsenterplanane med midlar til finansiering og drift i eit spleiselag med dei andre stiftarkommunane, fylkeskommunen og staten
- Støtte opp om og spele på lag med lokale utviklingsmiljø som Sogn Jord- og Hagebruksskule og Sognefjorden Næringshage
- Støtte opp om Visit Sognefjord, men òg setje krav til kva me får ut av selskapet
- Fylgje opp masterplanen for reiselivet i Sogn, og sørge for at kommunen tek tak i sine ansvarsområde ilag med samarbeidspartnalar
- Sørge for å halde oppe den positive trenden med auke av matjord
- Utarbeida ein beitebruksplan, for å få dokumentert bruken av utmarksbeite i kommunen, med mål om å verne om beitekvalitetane og synleggjere utmarksressursane
- Støtte opp om satsingar på frukt og bær, då Aurland er godt egna og har potensial for slik produksjon
- Sørge for at me opprettheld levande gardsbruk som produserer mat i heile kommunen

Levande bygder og grender

Me må legge til rette for attraktive, trygge og gode omgjevnadar i heile Aurland kommune. Innbyggjarane skal kjenne på moglegheiter og framtidstru anten dei bur på Aurlandsvangen, Vassbygdi, Flåm, Undredal, Gudvangen, Bakka og alle grendene kringom. Me må legga ein plan for korleis ein skal sikre at dei som ynskjer å busette seg på desse plassane har moglegheit til det.

Me må ha gode rutinar for rullering av planar, for å slik sikre eit oppdatert kunnskapsgrunnlag og retning for utvikling i heile kommunen. Samstundes må me utfordre regionale og statlege styresmakter som vil overstyre lokalt skjøn i vurderingssaker. Sameksistensen mellom turistar og fastbuande må vidareutviklast med mål om å skape eit bygde- og grendemiljø som kjem alle til gode.

Aurland Senterparti vil:

- Vidareutvikle og stelle sentrumsområda i kommunen med mål om å skapa enno trivelegare og attraktive møteplassar som gagnar fastbuande og besøkande
- Arbeide for sikring av rasutsette vegar, og vera ein pådrivar for ein nasjonal politikk som prioriterer trygge vegar
- Støtte opp om pilotprosjekt for reisemålsbidrag, og sikre at Aurland kommune vert ein del av prosjektet
- Arbeide for å betre tilhøva for toalett og avfallshandtering i heile kommunen i samarbeid med næringsliv og frivillige
- Innföra buplikt, med slektskapsunntak, med mål om å sikre tilgjenge på heilårsbustadar i heile kommunen
- Utgrei moglegheitene for at kommunen subsidierer (utover sjølvkost) tomteutbyggingar som elles ikkje kan realiserast på grunn av høge kostnadurar, for å utløyse meir areal til bustadbygging og samstundes minke presset på matjord
- Fylgje opp sti- og løypeplanen med ressursar, samstundes som ein må ha eit godt samarbeid med grunneigarar og frivillige
- At kommunen skal kontinuerleg arbeide med å utvikle tomteland i alle grender, for å sikre tilgang til bustadtomter

- Setje av passande areal til minihus i nye og eventuelt etablerte bustadfelt
- Fortsette arbeidet med å få realisert turveg mellom Aurlandsvangen og Flåm i samarbeid med ekstern finansiering, og halde liv i kravet om at Statens Vegvesen må bidra

- Vera opne for at høgda på bygningar kan vera eit arealpolitisk grep for å sikre vidare nærings- og bustadutvikling, samstundes som det minkar presset på jordbruksareal
- Vurdere ei skånsam kraftutbygging i verna vassdrag, i dei tilfelle det kan syna seg å vera beste alternativ for flaumdemping
- Sørgje for at folk som ynskjer å byggje og setje i stand bygningar får støtte og vegleiing i prosessen, slik at ein ikkje misser håpet i eit komplisert byråkrati
- Sørgje for ei fornuftig forvalting av planar og reglar som tek omsyn til lokalt skjøn og utfordrar regionale og nasjonale myndigheter når det trengst

Kultur og frivilligheit i heile kommunen

Aurland skal vera ein kulturkommune, med ein god kommunal kultursektor og kulturskule som spelar på lag med det frivillige kulturlivet. Frivilligheit skapar lokalt engasjement, fellesskap, inkludering og sterke lokalsamfunn. Ungdoms- og grendehus er viktige samlingspunkt som sikrar gode fasilitetar for kulturliv i heile kommunen.

Idretten og friluftsorganisasjonane skapar grunnlag for betre folkehelse, auka deltaking og inkludering. Kommunen må spele på lag med alle desse aktørane og stimulere til aktivitet i heile kommunen. Ei krone investert i det frivillige gjev mange gonger investeringa tilbake i verdi for samfunnet.

Aurland Senterparti vil:

- Arbeide for at alle, uavhengig av økonomiske ståstad eller kvar ein bur, skal kunne delta på frivillige aktivitetar
- Styrke satsinga på den kommunale kulturskulen og sikre tilgjenge for born i heile kommunen
- Sørgje for at me har eit godt og velfungerande idrettsanlegg
- At gymsalen i AIS vert rehabiliterert som kommunen si kulturstove
- Sikre ressursar til å støtte opp om frivillig kultur- og idrettsarbeid, og mellom anna støtte opp om ei mogleg etablering av frivilligsentral
- Greie ut moglegheita for å opprette ein kulturkoordinatorstilling
- Greie ut ei betre ordning for kommunal investeringsstøtte til ungdoms- og grendehus i kommunen, for å sikre eit godt kulturtildelbod i heile kommunen
- Ta vare på kulturarven vår i samarbeid med frivillige organisasjonar, grunneigarar og Nærøyfjorden Verdsarvpark
- At Aurland kommune skal fylgje opp og støtte stiftinga Otternes bygdetun

Innvandring og inkludering

Aurlandssamfunnet er eit mangfaldig samfunn med innbyggjarar frå heile verda. Nokre er arbeidsinnvandrarar, andre har kome på flukt frå krig og konfliktar, medan andre igjen kan ha funne kjærleiken lokalt og bestemt seg for å busette seg her.

I Aurland skal alle som kjem hit, midlertidig eller permanent, kjenna seg godt mottekne. Både kommune, frivillige og private har ansvar for at våre nye innbyggjarar kjenner seg som ein del av lokalsamfunnet. Aurland er kjend som

distriktskommunen med vekst i folketalet – det vil me halde fram med, og då treng me nye innbyggjarar som kjenner på det å høyre til i kommunen og vidare kan ynske å etablere seg permanent.

Aurland Senterparti vil:

- Sørgje for at nye innbyggjarar får informasjon om kommunen og tilboda her, det må som minimum finnast på norsk og engelsk
- Sørgje for at viktig informasjon i kommunen òg er tilgjengeleg på engelsk, og at innflyttarar kan kome i kontakt med engelsktalande i kommunen
- Støtte opp om og bidra til vaksenopplæringstiltak for norskopplæring til arbeidsinnvandrarar og andre tilflyttarar – fortrinnsvis i samarbeid med SJH
- Fylgje opp oppmodingar om å busetje flyktningar og leggje til rette for best mogleg inkludering, tryggleik og verdighet for dei som kjem
- Støtte opp om tiltak initiert av det frivillige med sikte på å inkludere nye innbyggjarar inn i samfunnet vårt

Eit friskt fjell og ein rein fjord

I Aurland kommune ligg store deler av areala våre høgare enn 1000 meter over havet. Desse areala har gjennom uminnelege tider vore særsviktige for lokalsamfunnet gjennom beiting, jakt, fiske og rekreasjon. Likeins har fjorden vore eit viktig spiskammer som me har hausta mat frå.

Aurland Senterparti meiner at eit godt fundament for ei berekraftig framtid er at me i alle planar og tiltak tek omsyn til og vurderer konsekvensar for natur og dyreliv, frå botn av fjorden til toppen av Blåskavlen. Me meiner òg at fjord og fjell har ein eigenverdi, mellom anna gjennom tradisjonell jakt og fangst, som flest mogleg av innbyggjarane våre skal kunne nyte godt av.

Aurland Senterparti vil:

- Arbeide for å få bygd opp att villreinstamma i Nordfjella sone 1 etter CWD-saneringa i godt samarbeid med lokal viltforvaltning, nabokommunar og sentrale styresmakter
- Vektleggje og prioritere villreinen sine leveområde i planprosessar, og syte for at sanerte villreinområde ved reetablering har minst like gode kvalitetar som før saneringa
- Arbeide for at tradisjonar og kunnskap om villrein og jakt vert haldne ved like også under fråværet av villrein i Nordfjella sone 1
- Leggje til rette for at jakt og fiske skal vera ein felles lokal verdi, som flest mogeleg skal kunne ta del i
- Arbeide for at vernet av Sognefjorden fører til ein reelt reinare fjord, med styrka levekår for dyre- og plantelivet
- Aktivt ta del i revisjonsarbeidet etter utbyggjinga av Aurlandsanlegga, med mål om framleis god sameksistens mellom kraftproduksjon og naturkvalitetane våre
- Sikre ei god kommunal viltforvaltning, gjerne i samarbeid med nabokommunar
- Støtte opp om arbeidet til lokale organisasjonar innan vilt -og fiskeforvaltning